

ÅRDAL KOMMUNE

Budsjett 2024, Økonomi og handlingsplan 2024 - 2027



Vedteke i kommunestyre 14.12.2023



Innhold

1	Føreord	3
2	Budsjettvedtak	5
2.1	Løvvingsoversikt drift etter § 5-4 første lekk	6
2.2	Løvvingsoversikt drift etter § 5-4 andre lekk	7
2.3	Løvvingsoversikt investering etter § 5-5 andre lekk.....	8
2.4	Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	9
3	Plangrunnlaget	10
4	Status og rammevilkår	11
4.1	Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2024	11
4.2	Utdringar og strategi for kommunen.....	14
4.3	<i>Utvikling i økonomiske nøkkeltal</i>	15
5	Investeringar i økonomiplanen	16
6	Hovudtala i budsjettforslaget	19
6.2	Utvikling i inntekter og utgifter i perioden.....	21
6.3	Til disposisjon for tenesteområda	22
7	Økonomisk utvikling i planperioden.....	27
7.1	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	27
7.2	Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	27
7.3	Vurdering av den økonomiske utviklinga	28
8	Utdanning og oppvekst	29
8.1	Driftsbudsjett.....	29
8.2	Skildring av verksemda i dag	29
8.3	Kostra-analyse	30
9	Helse og omsorg	33
9.1	Driftsbudsjett.....	33
9.2	Skildring av verksemda i dag	33
9.3	Kostra-analyse.....	36
10	Kultur, miljø og samfunn	38
10.1	Driftsbudsjett	38
10.2	Skildring av verksemda i dag	38
10.3	Kostra-analyse.....	40
11	Administrasjon og politikk	41

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

11.1 Driftsbudsjett	41
11.2 Skildring av verksemda i dag	41
11.3 Kostra-analyse.....	41

1 Føreord

Sentralbanksjefen dukkar støtt og stadig opp i beste sendetid på NRK og opplyser om rentehevingar. Flyktningstraumen frå Ukraina ser ikkje ut til å stoppa opp. Prisstigninga har Noregs Bank framleis ikkje kontroll på og den norske krona blir stadig svakare. Alt dette påverkar oss direkte. Akkurat no ser det ikkje lyst ut.

«La oss komma oss gjennom 2024, så er me der», blir det sagt. Mogleg det, men Årdal kommune må ikkje berre komma seg ut av neste år.

Me må skoda mange år fram i tid – og same korleis me vender på det, må kommunen ta nokre kraftige grep som gjer oss i stand til å møta mellom anna utfordringar innan omsorg. Gjennomsnittsalderen til årdølene stig – og me må mellom anna få på plass eit nytt omsorgssenter.

I Noregs 356 kommunar opplever nok dei fleste at drifta må tilpassast ein ny situasjon. Me er inne i ei dyr tid.

Årdal har alle føresetnader for å lykkast – men me må gjere justeringar av driftsnivået slik at drifta samsvarer med inntektene våre. Det kan bli litt smertefullt. Kommunen må også auka inntektene – mellom anna for utleige av bygg og bustader.

Lokalt har me også utfordringar. Permitteringane ved NorSun slår inn negativ for den enkelte, for økonomien i lokalsamfunnet og dette påverkar igjen innhaldet i kommunekassa. Mange gode krefter arbeider for å sikra vidare drift. Samtidig går Hydro i Årdal svært bra. Selskapet tener gode pengar – både på grunn av meir effektiv produksjon, gode kvalitetar på produkta og den låge kronekursen.

I Årdal har me historisk vore godt vande med ein romsleg kommuneøkonomi. Gode skatteinntekter har vore grunnlaget for eit høgt servicenivå. Dette har igjen skapt forventningar om at det høge nivået skal haldast oppe.

Gode inntekter til trass, så hamna kommunen for nokre år sidan på Robek-lista. Dette er ei liste som det er lite hyggeleg å hamna på. På lista står namn på kommunar som har for høgt forbruk i forhold til inntektene. Høyanger kommune – som på mange område er lik Årdal - hamna nyleg der. Det betyr igjen at mykje makt blir overført til Statsforvaltaren – som skal seia ja eller nei til alle politiske vedtak som har større økonomiske konsekvensar.

Årdal skal ikkje tilbake på denne lista, men for å unngå det må me ta nokre grep.

Den største posten i budsjettet til Årdal kommune er utgifter til lønn. Skal me redusere utgiftene, må me sjå på talet på tilsette og sjå om me innanfor nokre område har for høgt tenestenivå. Samanliknar me Årdal med kommunar som er lik oss, kan det verka som om Årdal innanfor fleire tenester har eit høgare tenestenivå enn normalen. Kommunedirektøren ønskjer å setja i gang eit prosjekt der ein ser på måtar ein kan få til kostnadsreduksjonar. Kan me t.d. omorganisere eller arbeide annleis? Dette må sjølv sagt skje i samarbeid med tillitsvalde og tilsette.

Staten, i regi av Statistisk sentralbyrå, samanliknar dei norske kommunane – og Staten lagar ei liste over korleis det økonomisk står til i kommunane. På lista er Årdal plassert saman med 17 andre kommunar som er lik oss i forhold til økonomi og folketal. Årdal er i Kostragruppe 2. Det betyr at Staten meiner at me har lita lånegjeld, og middels økonomisk fridom – eller såkalla frie inntekter. Det er ein god posisjon å vera i. For ser me rundt oss er det nokon kommunar som er i Kostragruppe 4. Dette er kommunar som Vågå, Austerheim og Samnanger. Desse kommunane har både mykje gjeld og lite frie inntekter.

Årdal har altså økonomiske føresetnader til å klara seg godt – og når me i tillegg veit at kommunen er

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

konsentrert med dei fleste busett i kjerna i Øvre Årdal eller på Årdalstangen – og då med berre to skular og to kyrkjer– burde føresetnadene vera endå betre. Årdal kommune skal ikkje gå på sparebluss, men nærma seg normalen i kommune-Noreg.

Kommunedirektøren føreslår altså at det blir set i gang eit prosjekt, med god involvering av dei tillitsvalde, der ambisjonane er å redusere kostnadene. Dette vil ikkje få full verknad i 2024 – og me må bruka åra frå 2024 til 2027 til å komma ned på eit akseptabelt tenestenivå. Prosjektet blir ein del av ein større plan der fokuset blir at me må ta ned driftsnivået samtidig som me gjer oss klar til å ta opp meir gjeld. Desse lå nemidlane må i hovudsak nyttast til å få på plass eit nytt omsorgssenter.

Drifta av eit nytt omsorgssenter kan føre til at me tek ned behovet for bemanning innan omsorg og gje oss innsparinger innan drift av bygg. Men det aller viktigaste er at dei framtidige bebruarane og brukarane opplever at dei får eit godt tenestetilbod av kommunen. Eit anna viktig moment bør vera at eit slik senter skal bidra til å betra arbeidsmiljøet for dei tilsette. Dette skal igjen kunna føra til at bemanninga blir meir stabil – og at me får teke ned dei store vikarutgiftene.

Rekruttering av fagfolk blir blant dei største utfordringane i ein region som Sogn i åra som kjem. For å kunna gå inn i konkurransen om menneske har kommunane i Sogn vorte samde om å etablera Sogn kommunale oppgåvefelleskap – eller Sogn KO. Denne organisasjonen, som blir eigd av dei seks kommunane inst i Sogn, skal ha som formål å leggja til rette for meir fagleg samarbeid over kommunegrensene. Kvar for oss – og det gjeld også Sogndal kommune – er me for små til å vera god på alt.

Ein NOU (norsk offentleg utgreiing) – som vart leidd av det såkalla Generalistkommuneutvalget peikar på at ingen norske kommunar er i stand til å tilfredsstille alle lovkrava som blir stilte til norske kommunar. Dei minste kommunane gjer det verst – og det er norske kommunar som i dag ikkje klarer å tilfredsstille meir enn 60 % av krava. Det betyr igjen at mange av innbyggjarane i mindre norske kommunar ikkje får dei tenestene dei har krav på. For å møta desse utfordringane har me i Sogn mellom anna etablert Sogn KO.

Helse- og omsorg er den største budsjettposten til kommunen. Her må drifta justerast - men me ser at me og innan oppvekstsektoren ligg for høgt. Her er det i hovudsak skuler og barnehagar som utgjer dei store utgiftene.

Ein stor auke innan skulane kan forklarast med aukande skulevegring og elevar som har behov for meir bistand enn normalt.

For å komma i mål med budsjetta for 2024 - og økonomiplan fem år fram i tid, meiner kommedirektøren at det vil vera behov for å nytta noko av disposisjonsfondet til drift. I skrivande stund står det vel 39 mill. kr. på dette fondet. I tillegg kjem miljøfondet på vel fire millionar kroner– som også er eit relativt fritt fond. Men målsettinga er framleis at disposisjonsfondet skal utgjere > 5% av brutto driftsinntekter. Samtidig er det eit klart mål at Årdal kommune igjen skal tilbake til ein situasjon der midlar frå sal av energi – som er inntekter frå konsesjonskraft og utbytte frå Årdal Energi Holding AS – skal gå til disposisjonsfondet og drift av Årdal Utvikling.

*Christian Sønstlien
-ordførar-*

2 Budsjettvedtak

Grunnlaget for utarbeiding av budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er gjeldande økonomiplan, budsjett 2023/revidert budsjett 2023 og ein grundig gjennomgang av alle budsjettpostar på tenesteområda for å avdekka avvik mellom budsjett 2023 og reelle kostnader/behov 2023/2024.

Føresetnader/endringar:

- Framlegg til statsbudsjett 2024
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av skatt på inntekt og formue
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av rammetilskot
- Egedomsskatt er berekna utifrå nivå 2023
- Ajourføring av stillingsheimlar og lønsnivå utifrå bemanning 2023 og vedteke/forventa bemanning 2024
- Vakante stillingar som i dag er bemanna med vikarbyrå er lagt inn i budsjettet. I tillegg er det budsjettert med tilleggskostnadene ein forventar ved å nytta vikarbyrå i staden for eigne tilsette
- Budsjettmidlar til overtid og vikarar i sjukemeldingsperioden auka opp i samsvar med reelt forbruk
- Lønsvekst 2024 på 5,1 % (SSB sept. 2023)
- Utvikling av utgifter til renter etter Kommunalbanken sine prognosar
- Grunna trong ramme er det ikkje lagt inn kommunal deflator (generell prisauke), men einskilde av dei større postane er justert utifrå forventa/avtala prisvekst
- Det er lagt til grunn netto råmetildeling på tenesteområda
- Nokre funksjonar er flytta mellom tenesteområda og det er oppretta nytt tenesteområde innan Reinhalld
- Slam og renovasjon vert frå 01.01.2024 overført til SIMAS og utgår dermed frå tenesteområdet Kultur, miljø og samfunn
- Integreringstilskotet vert ikkje lengre ført til frådrag på tenesteområdet Sosialtenester, men ført som sentral inntekt då tilhøyrande kostnader er fordelt over mange tenesteområde
- Det er i budsjettframlegget ikkje lagt inn inntekter (eller tilhøyrande kostnader) med mottak av fleire flyktningar i 2024, berre inntekter og kostnader som kommunen får i forhold til dei som allereie er i Årdal kommune. Dersom det vert gjort vedtak om mottak av fleire flyktningar i 2024, vil både inntektene og kostnadene auka i høve til budsjettframlegget. Inntektene kan bereknast relativt presist, men kostnadene er svært avhengig alderssamsetning, trong for tenestetilbod m.m.

Rammene i økonomiplan for år 1 (2024), er tilsvarande rammene for årsbudsjett 2024.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er utarbeida med følgjande profil:

- Svært stramt kommunebudsjett med negativ realvekst og lite handlingsrom.
- Fokus på å redusera både drifts- og personalkostnader for på sikt å kunna ha positivt netto driftsresultat i samsvar med måltal.
- Budsjett og økonomiplan prioriterer å halde nivået på tenesteytinga innanfor lovpålagte rammer, det kan forringe nivået på tenesteytinga og redusera tenesteytinga innanfor område som ikkje er lovpålagte

Frå 2024 overtek SIMAS IKS ansvaret for tenesteområda renovasjon og slam. Kostnader og inntekter frå dette området er difor ikkje inkludert i budsjettet 2024.

2.1 Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første lekk

Tabell 1 - Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første lekk (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-174 173	-193 634	-218 657	-222 479	-222 481	-222 486
Inntekt- og formuesskatt	-185 153	-185 403	-182 693	-182 693	-182 693	-182 693
Eigedomsskatt	-67 296	-65 228	-66 908	-66 908	-66 908	-66 908
Andre generelle driftsinntekter	-29 843	-29 218	-52 223	-52 223	-52 223	-52 223
Sum generelle driftsinntekter	-456 465	-473 484	-520 481	-524 303	-524 305	-524 310
Korrigert sum løyvingar drift, netto	429 933	426 139	495 342	479 342	468 842	461 842
Avskrivningar	31 765	27 164	30 600	30 600	30 600	30 600
Sum netto driftsutgifter	461 698	453 303	525 942	509 942	499 442	492 442
Brutto driftsresultat	5 233	-20 181	5 461	-14 361	-24 863	-31 868
Renteinntekter	-4 078	-2 915	-6 555	-6 555	-6 555	-6 555
Utbytte	-26 123	-21 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	11 463	16 732	24 251	24 253	29 212	37 354
Avdrag på lån	22 568	24 845	24 691	25 578	31 004	38 917
Netto finansutgifter	3 830	17 662	32 387	33 276	43 660	59 716
Motpost avskrivningar	-31 765	-27 164	-30 600	-30 600	-30 600	-30 600
Netto driftsresultat	-22 702	-29 683	7 248	-11 686	-11 804	-2 753
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	7 367	9 291	5 420	5 420	5 420	5 420
Bruk av bundne driftsfond	-8 054	-7 359	-7 663	-6 663	-6 663	-6 663
Avsettingar til disposisjonsfond	24 154	30 000	0	13 779	13 047	3 996
Bruk av disposisjonsfond	-765	-2 250	-5 005	-850	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	22 702	29 682	-7 248	11 686	11 804	2 753
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

2.2 Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre lekk

Tabell 2 - Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre lekk (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Folkevalde	6 094	5 684	6 174	5 849	5 625	5 476
Adm.leiing	26 390	23 248	14 874	14 493	14 225	14 049
Personalstab og fellesutgifter	10 190	11 924	13 414	13 046	12 788	12 618
Økonomistab	3 827	3 905	4 731	4 610	4 525	4 469
Støttestab	2 617	2 941	2 938	2 863	2 810	2 775
Utvikling	9 717	11 209	10 841	10 564	10 370	10 240
Tangen skule	26 766	28 671	37 072	36 106	35 430	34 981
Farnes skule	43 434	41 899	49 670	48 376	47 470	46 866
Barnehagar	42 572	40 990	46 852	45 499	44 549	43 917
Vaksenopplæring	3 067	4 200	3 360	3 271	3 208	3 166
Barnevern	11 443	10 299	14 372	14 004	13 748	13 576
Tildelingskontor	2 772	2 621	2 695	2 626	2 577	2 545
Pleie og omsorg	118 707	105 221	108 956	105 800	103 589	102 116
Bu- og miljøtenesta	55 917	51 310	64 684	63 022	61 862	61 088
Sosialtenester	5 951	8 327	21 195	20 654	20 276	20 022
Helse	46 794	44 816	48 851	47 494	46 543	45 906
Fritidstiltak	3 438	3 114	4 096	3 966	3 878	3 819
Kultur	3 772	3 671	3 316	3 200	3 117	3 063
Komm. Tek. forretningsdrift	-4 248	-14 682	-11 698	-11 942	-12 110	-12 224
Tekniske tenester	15 211	14 309	31 091	30 229	29 623	29 220
FDV - Forvaltning/Drift/vedlikehald	35 771	34 426	23 232	22 357	21 745	21 334
Reinhalld	0	0	14 491	14 120	13 859	13 685
Skatt/rammetilskot/renter/avdrag	-34 870	-19 745	-27 305	-27 305	-27 305	-27 305
Momskompensasjon	-14 399	0	0	0	0	0
Sum løyvingar drift, netto	420 932	418 357	487 903	472 903	462 403	455 403
Av dette:						
Avskrivninger	6 601	7 128	5 436	5 436	5 436	5 436
Motpost avskrivninger	-6 601	-7 128	-5 436	-5 436	-5 436	-5 436
Netto renteutgifter og -inntekter	16	1	4	4	4	4
Avsetninger til bundne driftsfond	-198	1 826	220	220	220	220
Bruk av bundne driftsfond	-8 054	-7 359	-7 663	-6 663	-6 663	-6 663
Bruk av disposisjonsfond	-765	-2 250	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	429 933	426 139	492 596	476 596	466 096	459 096

2.3 Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre lekk

Tabell 3 - Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre lekk (tal i kroner)

Prosj.-	Investeringsbudsjett 2024-2027	2024	2025	2026	2027	Total
11108	IKT - VELFERDSTEKNOLOGI 2023	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
11501	IKT-SKULE	1 060 000	1 060 000	1 060 000	1 060 000	4 240 000
11502	IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
11503	IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
12202	UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR	2 000 000	50 000 000	70 000 000		122 000 000
13104	OMSORG - INVESTERINGSPLAN	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
16202	GATELYS LED	500 000				500 000
16205	UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
16222	REVISJON HOVEDPLAN UTEDRIFT 2023	300 000				300 000
17120	FDV MINDRE INVESTERINGER	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
17125	REINHALDSMASKINER	600 000				600 000
17132	ANLEGGSG- OG IDRETTSPLAN FORSKOTTERING	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
17164	KOMMUNALE LADESTASJONER 2021	200 000	100 000	100 000	100 000	500 000
17166	KJØP AV BUSTADER	1 000 000				1 000 000
17171	MALING AV BYGG 2023	1 000 000				1 000 000
17173	IDRETTSG OG ANLEGGSPPLAN - 9'ar bane kunstgr Åtg stadion 2022	500 000				500 000
17183	FARNES SKULE INVENTAR FELLESROM UNG.SKULE 2023	150 000				150 000
17184	TANGEN SKULE INVENTAR 2023	200 000				200 000
17185	ÅRDAL KYRKJE 2023	1 000 000				1 000 000
16201	OFFERDALSTUNNELLEN	150 000				150 000
	Avlevering av fysisk arkivmateriale	1 000 000	1 000 000			2 000 000
	STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER	5 000 000	108 000 000	200 000 000		313 000 000
	OFREDALSTUNNELEN SIKRING			3 000 000		3 000 000
	Farnes kyrkje	11 100 000				11 100 000
	Lys gangveg bak Jotun stadion		2 000 000			2 000 000
	Gravemaskin kyrkjegard mm		2 000 000			2 000 000
	Traktor			2 000 000		2 000 000
	Plenklippar			600 000		600 000
	Feiemaskin	1 000 000				1 000 000
	Kantklippar (veg)			1 000 000		1 000 000
	Robotklippar Cuba stadion	350 000				350 000
	Gjerde Jotun Stadion	350 000				350 000
	Bru gamle Farnes og Buktibru			1 000 000		1 000 000
	Overvatn ved Sortland	500 000				500 000
	Kjøp av tomt til miljøstasjon	3 000 000				3 000 000
	Utvikling av system for jamleg klimarisikoanalyse	700 000				700 000
	ENØK-tiltak kommunale bygg	2 500 000	2 500 000	1 000 000		6 000 000
	Energikartlegging kommunale bygg	800 000				800 000
	Farnes barnehage Brannsentral	100 000				100 000
	Farnes Skule Adgangskontroll (skalsikring)	500 000				500 000
	Årdalshallen Golv håndballhall	600 000				600 000
	Årdalshallen Heis	1 000 000				1 000 000
	Årdalshallen Skillegardin		150 000			150 000
	Tangenhallen Skillegardin		150 000			150 000
	Årdalshallen Teknisk rom	500 000				500 000
	Rådhus 1 Varmeanlegg	5 500 000				5 500 000
	Automatisk kategorisering av FDV-dokumentasjon (LAFT)	250 000				250 000
	Grandane bufelleskap Adgangskontroll/nytt inngangsparti	250 000				250 000
	Flotavegen 7-9 Brannvarsling	100 000				100 000
	Samfunnshuset Åtg SD-anlegg		700 000			700 000
	ÅBO SD-anlegg	700 000				700 000
	ÅBO Adgangskontroll	200 000				200 000
	Forprosjekt symjeanlegg	300 000				300 000
	Farnes Skule SD- Anlegg			500 000		500 000
	Farnes Skule EL- kjel			400 000		400 000
	Årdalshallen Garderobe/dusjanlegg			1 000 000		1 000 000
	Friluftsbadet Garderobe/dusjanlegg		1 000 000			1 000 000
	Tangen skule Garderobe/dusjanlegg				1 000 000	1 000 000
	Tilrettelegging for kjeldesortering på kommunale bygg	500 000				500 000
	TOTAL INVESTERING EKS VA	51 960 000	175 160 000	287 260 000	9 560 000	523 940 000
	VATN	7 240 000	11 515 000	6 715 000	6 625 000	32 095 000
	AVLØP	17 920 000	17 070 000	2 970 000	2 570 000	40 530 000
	TOTAL VA	25 160 000	28 585 000	9 685 000	9 195 000	72 625 000
	Totalt	77 120 000	203 745 000	296 945 000	18 755 000	596 565 000

2.4 Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Tabell 4 - Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-174 173	-193 669	-218 657	-222 479	-222 481	-222 486
Skatt på inntekt og formue	-185 153	-185 403	-182 693	-182 693	-182 693	-182 693
Eigedomsskatt	-67 296	-65 228	-66 908	-66 908	-66 908	-66 908
Andre skatteinntekter	-28 473	-27 698	-31 474	-31 474	-31 474	-31 474
Andre overf. og tilskot frå staten	-15 631	-9 989	-20 750	-20 750	-20 750	-20 750
Overføringer og tilskot frå andre	-90 045	-68 385	-72 350	-72 350	-72 350	-72 350
Brukabetalinger	-20 723	-19 257	-18 177	-18 177	-18 177	-18 177
Sals- og leigeinntekter	-53 608	-65 675	-55 059	-55 059	-55 059	-55 059
Sum driftsinntekter	-635 103	-635 305	-666 067	-669 889	-669 891	-669 896
Utgifter til løn	343 049	346 374	381 251	381 251	381 251	381 251
Sosiale utgifter	71 099	83 989	85 330	85 330	85 330	85 330
Kjøp av varer og tenester	158 364	138 954	150 143	135 143	124 643	117 643
Overføringer og tilskot til andre	36 059	18 643	24 203	23 203	23 203	23 203
Avskrivningar	31 765	27 164	30 600	30 600	30 600	30 600
Sum driftsutgifter	640 336	615 124	671 527	655 527	645 027	638 027
Brutto driftsresultat	5 233	-20 181	5 461	-14 361	-24 863	-31 868
Renteinntekter	-4 078	-2 915	-6 555	-6 555	-6 555	-6 555
Utbytte	-26 123	-21 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	11 463	16 732	24 251	24 253	29 212	37 354
Avdrag på lån	22 568	24 845	24 691	25 578	31 004	38 917
Netto finansutgifter	3 830	17 662	32 387	33 276	43 660	59 716
Motpost avskrivningar	-31 765	-27 164	-30 600	-30 600	-30 600	-30 600
Netto driftsresultat	-22 702	-29 683	7 248	-11 686	-11 804	-2 753
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	7 367	9 291	5 420	5 420	5 420	5 420
Bruk av bundne driftsfond	-8 054	-7 359	-7 663	-6 663	-6 663	-6 663
Avsettingar til disposisjonsfond	24 154	30 000	0	13 779	13 047	3 996
Bruk av disposisjonsfond	-765	-2 250	-5 005	-850	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	22 702	29 682	-7 248	11 686	11 804	2 753
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

3 Plangrunnlaget

§ 14-1 til § 14-5 i Kommunelova er grunnlaget for økonomiplan og årsbudsjett.

Økonomiplan for dei neste fire åra og årsbudsjettet for det komande året skal vedtakast før årsskiftet.

Formannskapet innstiller til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett. Innstilling frå formannskap skal liggja ute til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid, og det skal utarbeidast samordna og realistiske planar for eigen verksemd og økonomi, samt for lokalsamfunnet si utvikling.

For å ivareta langsiktig berekraftig kommuneøkonomi, skal finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling vedtakast

Økonomiplan skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp.

Økonomiplan og budsjett skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversiktleg.

4 Status og rammevilkår

4.1 Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2024

Det er rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2023 til 2024 med 5,8 prosent.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir redusert frå 11,15 prosent i 2023 til 10,95 prosent i 2024. Bakgrunnen for reduksjonen i skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2024. Skattedelen av inntektene er pårekna å ville blitt høgare enn 40 prosent om ikkje skatteøyret blir redusert.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget til statsbudsjett 4,3 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 4,9 prosent (vekt 0,575)
- prisvekst kjøp av varer og tenester 3,4 prosent (vekt 0,425)
- Samla prisvekst 4,3 prosent

Til samanlikning reknar KS med ein prisvekst på kjøp av varer og tenester på 4,2 % og ein samla prisvekst på 4,5 %.

4.1.1 Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2023 til 2024 på om lag kr 5,1 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2023 til 2024 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnader demografi i 2024 er rekna til om lag kr 3,1 mrd. for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene.

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere auka pensjonskostnader. Departementet har lagt til grunn auke med kr 2,0 mrd. i kommunesektoren sine pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst i 2024. Dette overslaget kan bli fordelt med om lag kr 1,8 mrd. på kommunane (90 prosent) og kr 0,2 mrd. på fylkeskommunane (10 prosent).

Innafor veksten i dei frie inntektene for kommunane i 2024 skal det også vere rom for ei satsing med kr 150 mill. til arbeidet med psykisk helse og rus. Dette er ein del av opptrappingsplan. Dei som har psykiske plagar eller lidingar skal få hjelp. Kr 150 mill. av veksten i kommunane sine frie inntekter i 2024 er difor grunngitt med auka innsats på psykisk helse- og rusområdet.

I veksten i frie inntekter inngår også kr 100 mill. i kompensasjon til dei kommunane som har tapt mest på innføringa av gradert basiskriterium i inntektssystemet. Graderinga vart innført frå og med 2017. Før 2017 var basistilskotet i utgiftsutjamninga i inntektssystemet eit likt tilskotsbeløp per kommune for alle kommunar. Eit basistilskot tek omsyn til smådriftsulemper.

4.1.2 Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – for kvar kommune

Rammeoverføring, pårekna frie inntekter, pårekna skatt og inntektsutjamning i 2024 byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2022. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2023 og 2024.


I berekning av skatteprognose for 2024 er det justert for same endring i prosent fra rekneskap 2022 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2022. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2024.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamsetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distrikstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget
- opptrapping av kompensasjon for reduksjon i eigedomsskatt frå endring i skattereglar f.o.m. 2019 (reduksjon i eigedomsskatt inngår ikkje i utrekninga av prosentvekst i vedlagt tabell).

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane i landet sine samla frie inntekter frå 2023 til 2024 med 4,7 prosent. Denne veksten er rekna frå årets pårekna inntektsnivå no, medrekna opp-justeringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for Årdal kommune er 4,5 %, det same som gjennomsnittet for kommunane i Vestland.

Figur 1 - Vekst i frie inntekter



Årdal kommune har ein nominell vekst i frie inntekter på 4,5 % jf. Figur 1.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Tilskot per grunnskule

Frå 2022 er det gitt eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling i rammetilskotet, basert på talet for grunnskular og finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane.

Tilskotet er vidareført i framlegget for 2024, om lag kr 1,33 mrd. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for innbyggjartilskot i kolonne i vedlagt tabell. Tilskotssats blir prisjustert for 2024 til kr 541 317 per grunnskule.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2023 til 2024, med priskompensasjonen på 4,3 prosent, også tillagt kr 40 mill. For 2024 er rammetilskotet samla til føremålet kr 1069,9 mill. Midlane blir fordelt mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2024 vil vere basert på direkte løns- utgifter i 2023 til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2024:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2024 er netto utgifter i 2023.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1 526 000,- til kr 1 608 000,-. Auken i innslagsnivå er lik pårekna lønsevokst i prosent i 2023 (5,5 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2024, skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2023. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekte frå berekningsgrunnlaget.

Heildøgns omsorgsplassar – investeringstilskot

Regeringa gjer framlegg om kr 3 mrd. i tilsegnsramme i 2024 for investeringstilskot til om lag 1500 heildøgns omsorgsplassar. Framlegget inneber ei løying på kr 300 mill. i 2024 til å dekke tilsegns- ramma det første året.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det er overført kompensasjon gjennom auke i rammetilskotet for det auka ansvaret.

Alle midlane vil frå og med 2025 bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern. For å dempe

overgangen for kommunar som har hatt høge utgifter, blir halvparten av kompensasjonen fordelt særskilt i perioden 2022-2024 etter faktisk bruk av tiltak i 2020.

Skuleinvesteringar

Regjeringa ynskjer ein meir praktisk og variert skule. Det er framlegg om ei ny rentekompensasjonsordning til kommunar for varige investeringar og større utstyr som kan bidra til ein meir praktisk og variert skule.

Det blir lagt opp til ei samla låneramme på til saman kr 8 mrd. til kommunane, fordelt med kr 1 mrd. i året i 8 år. Kommunane vil få dekt rentene når dei tek opp lån til å investere i større utstyr og skulebygg. Døme på føremål som kan gjere skulen meir praktisk orientert, er skulekjøkken og sløydsalar.

Skjønstillskot

Basisramma for skjønstillskot til kommunane for heile landet blir vidareført med same beløp i 2024 som i 2023, kr 800 mill. Vestland si ramme blir også vidareført med same beløp frå 2023 til 2024, kr 139,1 mill.

Ein del av skjønsramma for 2024 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2024. Statsforvaltaren i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet (kr 109,1 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.).

Fordelinga av ordinært skjønstillskot for 2024 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til nettsida vår der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstillskot mellom kommunane.

Naturskade

Retningslinene for at departementet skal gi skjønstillskot i samband med naturskade blir vidareført som tidlegare. Kommunar som har utgifter etter naturskade som samla er over kr 250,- per inn- byggjar, kan få kompensasjon som utgjer halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 500,- per innbyggjar, kan kommunen få kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 250,- per inn- byggjar. Det blir gitt tilskot til reparasjon og opprydding på kommunal infrastruktur til opphavleg standard.

4.2 Utfordringar og strategi for kommunen

Utfordringane Årdal kommune står ovanfor når det gjeld større vekst i kostnader enn inntekter krev at kommunen må ha fokus på omstilling og strukturendring innanfor alle områder. Dette for at tenesteytinga vert best mogleg innanfor tilgjengelege ressursar og effektivitet.

Kommunen må ha som målsetting å oppnå eit netto driftsresultat over tid på 1,75 % av driftsinntektene, noko som er det anbefalte resultatet ein kommune bør ligge på over tid for å ha ein sunn økonomi, men slik den økonomiske stoda er i dag er det vanskeleg å oppnå dette utan utbytteinntekter.

Kommunen bør ha eit positivt netto driftsresultat av ein viss storleik for å kunne bygge opp den frie eigenkapitalen og bidra til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil og bidra til at kommunen vert mindre sårbar for svingingar i økonomien og møte uføresette hendingar i drift som har økonomiske konsekvensar.

Samstundes må planleggjast og setjast i verk strukturelle grep, gjennomgang av alle tenestevedtak, gjennomgang av alle avtalar kommunen har, reduksjon av kostnader med t.d. vikarar og planlegging av korleis m.a. skulane, barnehagane og omsorgstenesta skal organiserast i framtida.

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovudprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der rehabilitering av sjukeheim / strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I tillegg kjem ei prioritert investering retta mot oppvekst og Farnes skule. Dette er i planperioden 2024-2027 lagt inn med ein investering på 430 mill. kr. Dette utgjer 73 % av investeringane i planperioden og vil auka både rente- og avdragsutgiftene monaleg i planperioden. Dette vil føra til reduserte midlar som kan nyttast til tenesteområda, spesielt mot slutten av planperioden.

4.3 Utvikling i økonomiske nøkkeltal


I 2022 var både disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (7,2 % mot mål minst 5,0 %) og netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (64,9 % mot maks 75,0 %) innanfor måltala, sjå Tabell 5.

Tabell 5 - Utvikling i økonomiske nøkkeltal

	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostragruppe 02
Prioritet				
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	4,0 %	7,2 %	14,5 %	13,5 %
Økonomi				
Frie inntekter i kroner per innbyggjar (B)	71 557	72 710	67 014	70 809
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	0,6 %	3,4 %	2,6 %	2,9 %
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar (B)	79 744	81 048	92 244	115 486
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	65,5 %	64,9 %	92,9 %	96,3 %

At disposisjonsfondet i prosent av brutto driftsinntekter auka så mykje skuldast eit stort utbytte i 2022. Ser ein på korleis utviklinga siste åra har vore forholdet mellom driftsinntekter og driftskostnader viser Figur 2 at Årdal kommune siste 4 åra har hatt større driftsutgifter enn driftsinntekter.

Figur 2 - Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019-2022



	2019	2020	2021	2022
Årdal	-2,1 %	-1,0 %	-0,4 %	-1,1 %
Landet uten Oslo	0,3 %	1,5 %	2,8 %	2,2 %
Kostragruppe 02	-0,9 %	0,8 %	1,5 %	2,3 %

5 Investeringar i økonomiplanen

Utgangspunktet for investeringane i planperioden 2024-2027 er gjeldande økonomiplan 2022-2026 og oppdaterte handlingsplanar frå FDV og VAR.

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovudprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I planperioden 2024-2027 er dette lagt inn med ein netto investering (etter stønad frå Husbanken) på 313 millionar kroner.

Innanfor utdanning og oppvekst er det lagt inn bygging av eit nytt felles skule- og barnehage bygg på 122 millionar kroner.

Desse 2 prosjekta utgjer 73 % alle investeringar i planperioden og gjev stor auke i finanskostnader mot slutten av planperioden. Pågående prosjektarbeid kan gje endringar i kostnadsestimata.

I framlegg til investeringsbudsjett inngår det ikkje noko investeringar knytt til handlingsplanar for renovasjon, då SIMAS skal utføra desse tenestene på vegne av Årdal kommune.

I tillegg vert uferdige prosjekt med løying i 2023 overført til 2024, jamfør sak om budsjettendringar i investeringsbudsjett 2023 som vert fremja som eiga sak.

Tabell 6 viser oversyn over investeringar i perioden 2024-2027. Tabell 7 inneheld kommentarar til investeringane.

Grunna trond ramme er det føresett at alle investeringar i perioden vert gjort med lånepoptak. Det er føresett lånepoptak med gjennomsnittleg løpetid på 30 år, noko som er i samsvar med dagens lånesamansetning.

Netto lånegjeld i perioden vil med investeringsplanen som føreligg utvikla seg som følgjer:

År	31.12.2024	31.12.2025	31.12.2026	31.12.2027
Netto lånegjeld	kr 538 400 000	kr 675 400 000	kr 881 400 000	kr 857 400 000

Lånegjelda vil kunna verta lågare dersom ein nyttar disposisjonsfondet til å finansiera delar av investeringane. Dei 2 store prosjekta som nemnt over har begge usikre kostnadsestimat, så samla lånegjeld i perioden vert tilsvarande usikker.

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Tabell 6 - Oversyn over investeringar i perioden 2024-2027

Prosj.-	Investeringsbudsjett 2024-2027	2024	2025	2026	2027	Total
11108	IKT - VELFERDSTEKNOLOGI 2023	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
11501	IKT-SKULE	1 060 000	1 060 000	1 060 000	1 060 000	4 240 000
11502	IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
11503	IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
12202	UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR	2 000 000	50 000 000	70 000 000		122 000 000
13104	OMSORG - INVESTERINGSPLAN	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
16202	GATELYS LED	500 000				500 000
16205	UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
16222	REVISJON HOVEDPLAN UTEDRIFT 2023	300 000				300 000
17120	FDV MINDRE INVESTERINGER	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
17125	REINHALDSMASKINER	600 000				600 000
17132	ANLEGGSG- OG IDRETTSPLAN FORSKOTTERING	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
17164	KOMMUNALE LADESTASJONER 2021	200 000	100 000	100 000	100 000	500 000
17166	KJØP AV BUSTADER	1 000 000				1 000 000
17171	MALING AV BYGG 2023	1 000 000				1 000 000
17173	IDRETS OG ANLEGGSPPLAN - 9'ar bane kunstgr Åtg stadion 2022	500 000				500 000
17183	FARNES SKULE INVENTAR FELLESROM UNG.SKULE 2023	150 000				150 000
17184	TANGEN SKULE INVENTAR 2023	200 000				200 000
17185	ÅRDAL KYRKJE 2023	1 000 000				1 000 000
16201	OFFERDALSTUNNELLEN	150 000				150 000
	Avlevering av fysisk arkivmateriale	1 000 000	1 000 000			2 000 000
	STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER	5 000 000	108 000 000	200 000 000		313 000 000
	OFREDALSTUNNELEN SIKRING			3 000 000		3 000 000
	Farnes kyrkje	11 100 000				11 100 000
	Lys gangveg bak Jotun stadion	2 000 000				2 000 000
	Gravemaskin kyrkjegard mm	2 000 000				2 000 000
	Traktor		2 000 000			2 000 000
	Plenklippar		600 000			600 000
	Feiemaskin	1 000 000				1 000 000
	Kantklippar (veg)		1 000 000			1 000 000
	Robotklippar Cuba stadion	350 000				350 000
	Gjerde Jotun Stadion	350 000				350 000
	Bru gamle Farnes og Bukti bru		1 000 000			1 000 000
	Overvatn ved Sortland	500 000				500 000
	Kjøp av tomt til miljøstasjon	3 000 000				3 000 000
	Utvikling av system for jamleg klimarisikoanalyse	700 000				700 000
	ENØK-tiltak kommunale bygg	2 500 000	2 500 000	1 000 000		6 000 000
	Energikartlegging kommunale bygg	800 000				800 000
	Farnes barnehage Brannsentral	100 000				100 000
	Farnes Skule Adgangskontroll (skalsikring)	500 000				500 000
	Årdalshallen Goli håndballhall	600 000				600 000
	Årdalshallen Heis	1 000 000				1 000 000
	Årdalshallen Skillegardin		150 000			150 000
	Tangenhallen Skillegardin		150 000			150 000
	Årdalshallen Teknisk rom	500 000				500 000
	Rådhus 1 Varmeanlegg	5 500 000				5 500 000
	Automatisk kategorisering av FDV-dokumentasjon (LAFT)	250 000				250 000
	Grandane bufelleskap Adgangskontroll/nytt inngangsparti	250 000				250 000
	Flotavegen 7-9 Brannvarsling	100 000				100 000
	Samfunnshuset Åtg SD-anlegg		700 000			700 000
	ÅBO SD-anlegg	700 000				700 000
	ÅBO Adgangskontroll	200 000				200 000
	Forprosjekt symjeanlegg	300 000				300 000
	Farnes Skule SD- Anlegg		500 000			500 000
	Farnes Skule EL- kjel		400 000			400 000
	Årdalshallen Garderobe/dusjanlegg		1 000 000			1 000 000
	Friluftsbadet Garderobe/dusjanlegg		1 000 000			1 000 000
	Tangen skule Garderobe/dusjanlegg			1 000 000		1 000 000
	Tilrettelegging for kjeldesortering på kommunale bygg	500 000				500 000
	TOTAL INVESTERING EKS VA	51 960 000	175 160 000	287 260 000	9 560 000	523 940 000
	VATN	7 240 000	11 515 000	6 715 000	6 625 000	32 095 000
	AVLØP	17 920 000	17 070 000	2 970 000	2 570 000	40 530 000
	TOTAL VA	25 160 000	28 585 000	9 685 000	9 195 000	72 625 000
	Totalt	77 120 000	203 745 000	296 945 000	18 755 000	596 565 000

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Tabell 7 - Kommentarar til investeringar i perioden 2024-2027

Prosj.nr	Investeringsbudsjett 2024-2027	Kommentar
11108	IKT - VELFERDSTEKNOLOGI 2023	Etter plan
11501	IKT-SKULE	Etter plan
11502	IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM	Etter plan
11503	IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA	Etter plan
12202	UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR	Flytta 1 år fram i tid, skisseprosjekt i 2024, bygging frå 2025
13104	OMSORG - INVESTERINGSPLAN	Etter plan
16202	GATELYS LED	Etter plan
16205	UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR	Utskifting etter plan for FDV og Utredrift
16222	REVISJON HOVEDPLAN UTEDRIFT 2023	Omgjort til trafikktryggingsplan. Kr 400 000, av desse kr 100 000 overført frå 2023
17120	FDV MINDRE INVESTERINGAR	Etter plan
17125	REINHALDSMASKINER	Nye reinhaldsmaskiner, m.a. til idrettshall
17132	ANLEGGS- OG IDRETTSPLAN FORSKOTTERING	Etter plan
17164	KOMMUNALE LADESTASJONER 2021	Nytableringar ladestasjonar kommunale bygg.
17166	KJØP AV BUSTADER	Etter plan
17171	MALING AV BYGG 2023	Vidareførast
17173	IDRETTS OG ANLEGGSPPLAN - 9'ar bane kunstgr Åtg stadion 2022	I rullering av Handlingsdelen i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er summen til IDRETTS OG ANLEGGSPPLAN - 9'ar bane kunstgr Åtg stadion sett til 7.500.000, jamfør sak 101/23. Det er tidlegare vedeke kr 7 000 000, jamfør sak 106/23
17183	FARNES SKULE INVENTAR FELLESROM UNG.SKULE 2023	Etter plan
17184	TANGEN SKULE INVENTAR 2023	Etter plan
17185	ÅRDAL KYRKJE 2023	Overført frå 2023 og auka med 1 mill
16201	OFFERDALSTUNNELLEN	Oppdatert prisoverslag på ny port i Ofredalstunnel kr 350 000. Overførte prosjektmidlar frå 2022 kr 200 000. Utsett til 2024 og oppdatert med nytt prisoverslag
	Avlevering av fysisk arkivmateriale	Jamfør kommunestyresak 08/22.
	STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER	Planlagt prosjektering i 2024, bygging frå 2025, auka med 1 mill ekstra kvart år i 2023-25 etter vedtak i sak 067/22, pkt. 15
	OFREDALSTUNNELEN SIKRING	Utsett frå 2025 til 2026 grunna avklaringar kring kabling
	Farnes kyrkje	Vedlikhald som tidl. Vedteke
	Lys gangveg bak Jotun stadion	Utsett frå 2024 til 2025, mellombels ordna
	Gravemaskin kyrkjegard mm	Utsett frå 2024 til 2025
	Traktor	Etter utsiktsplass
	Plenklippar	Etter utsiktsplass
	Feiemaskin	Framskynda frå 2025 til 2024
	Kantklippar (veg)	Etter utsiktsplass
	Robotklippar Cuba stadion	Gode erfaringar frå Jotuns stadion
	Gjerde Jotun Stadion	Utskifting av defekt gjerde mot elv
	Bru gamle Farnes og Bukti bru	Vedlikehald korrosjon på bæring etter brurapport
	Overvatn ved Sortland	Utvida kapasitet, ' ny kum og utløp
	Kjøp av tomt til miljøstasjon	Åvtale med SIMAS om at Årdal kommune skaffar tomt til miljøstasjon. SIMAS leiger tomta hjå Årdal kommune.
	Utvikling av system for jamleg klimarisikoanalyse	Samfunnsplanen Teknologi og miljø inn i framtida, tema 2.1 Energi, klima og miljø, Delmål 4. Kostnad: 1 400 000 kr, Vestland Fylkeskommune stiller med 50 % av midlane. Finansierast av miljøfondet
	ENØK-tiltak kommunale bygg	Utskifting lyskjelder/andre enøktiltak
	Energikartlegging kommunale bygg	Utgreiing av energi og klimatiltak for kommunale bygg
	Farnes barnehage Brannsentral	Ny brannsentral
	Farnes Skule Adgangskontroll (skalsikring)	Adgangskontroll må etablerast.
	Årdalshallen Golv håndballhall	Utskifting/rehabilitering av idrettsgolvet i Årdalshallen av
	Årdalshallen Heis	Ny heis
	Årdalshallen Skillegardin	Skillegardin for å muliggjere fleir bruk
	Tangenhallen Skillegardin	Skillegardin for å muliggjere fleir bruk
	Årdalshallen Teknisk rom	Rehabilitering av røyr, ventilasjoner mm
	Rådhus 1 Varmeanlegg	Rehabilitering av fyrrøm mm
	Automatisk kategorisering av FDV-dokumentasjon (LAFT)	Samling av FDV dokumentasjon inn i LAFT systemet, Kan evt flyttast til 2025
	Grandane bufelleskap Adgangskontroll/nytt inngangsparti	Tilpassing av bygg til tenesteproduksjon
	Flotavegen 7-9 Brannvarsling	Ny brannsentral
	Samfunnshuset Åtg SD-anlegg	Styring varme, ventilasjon mm
	ÅBO SD-anlegg	Styring varme, ventilasjon mm
	ÅBO Adgangskontroll	Skalsikring kontorfløy
	Forprosjekt symjeanlegg	Pålegg frå miljøretta helsevern etter tilsyn
	Farnes Skule SD- Anlegg	Styring varme, ventilasjon mm
	Farnes Skule EL- kjel	Utskifting el-kjel ungdomsteget
	Årdalshallen Garderobe/dusjanlegg	Renovering av anlegget (symjeanlegg)
	Friluftsbadet Garderobe/dusjanlegg	Renovering av anlegget (symjeanlegg)
	Tangen skule Garderobe/dusjanlegg	Renovering av anlegget (symjeanlegg)
	Tilrettelegging for kjeldesortering på kommunale bygg	Investering i mindre kjeldesorteringsstasjonar

6 Hovudtala i budsjettforslaget


6.1.1 Befolkningsprognose

SSB si befolkningsframskriving syner eit estimert folketal for Årdal kommune på 5 126 innbyggjarar pr 1. januar 2024.

Som det går fram av Figur 3 under har utviklinga vore stabil dei siste åra. Folketalet i Årdal pr. 01.01. har dei siste 4 åra variert mellom 5170 og 5210. Reelt folketal pr. 01.07.2023 (5214 innbyggjarar) vert lagt til grunn for berekning av skatt og rammetilskot i heile planperioden i KS sin prognosemodell, ikkje SSB sin prognose på 5126 per 01.01.2024 med vidare prognosenedgang i åra framover.

Befolkningsframskrivinga til SSB syner eit folketal på 4980 innbyggjarar 1. januar 2027 og indikerer såleis kommunen sine utfordringar framover i planperioden. Men befolkningsframskrivinga er noko i utakt med den reelle utviklinga og det kan synast som om befolkningsnedgangen har stagnert.

Figur 3 - Folketalutvikling 2014-2033



6.1.2 Skatt på inntekt og formue / rammetilskot

Grunnlaget for skatt på inntekt og formue er ein auke på 4,1 % frå 2023 til 2024. Skatteinntektene viser elles ei flat utvikling på tilnærma 0 % vidare i planperioden.

Rammetilskotet viser ein auke på 7,2 % frå 2023 til 2024 og 1,7 % i 2025. Rammetilskotet viser elles ei flat utvikling på tilnærma 0 % vidare i planperioden.

Samla viser skatteinntektene og rammetilskotet ei auke på 4,1 % i 2023 og 5,7 % i 2024.

Grunnlag for rammetilskotet er 5 214 innbyggjarar pr. 1. januar 2024 (same som reelt pr. 1. juli 2023) og utarbeida i høve KS sin prognosemodell.

6.1.3 Egedomsskatt forretningseigedom

Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10-års taksering av egedomsskatt frå skatteåret 2022. Nivået på egedomsskatt på forretningseigedommane etter 10-års taksering er innarbeidd i budsjett 2024 og for resten av planperioden.

Uavklara klagesaker legg ein til grunn vert løyst og avslutta tidleg i 2024.

6.1.4 Egedomsskatt kraftanlegg

Grunnlaget for utskriving av egedomsskatt på kraftanlegg mottek Årdal kommune frå skatteetaten. Denne viser ein auke på kring 2,7 millionar kroner frå 2023.

6.1.5 Egedomsskatt bustad og fritidseigedom

Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10 års taksering frå skatteåret 2022 av egedomsskatt på bustadar-/fritidsbustadar.

Nytt grunnlag for utskriving av egedomsskatt etter 10 års taksering, er lagt til grunn for budsjett 2024 og resten av planperioden

6.1.6 Avsetninger

For å kunna få budsjettet i balanse i 2024 er det naudsynt å nytta kring 5 millionar kroner frå disposisjonsfondet. Det er i budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 difor ikkje lagt inn avsetningar til disposisjonsfond i 2024, men frå 2025 vert det budsjettert med avsetningar til disposisjonsfond att, men nivået på avsetningane vil ikkje vera i same storleik som budsjettet for 2023 (30 millionar kroner). I 2027 aukar rente- og avdragskostnadene så mykje at avsetninga til disposisjonsfondet går kraftig ned.

6.1.7 Lønsjustering

Lønsvekst for 2024 er venta å verta 5,1 %. Lønsveksten er berekna med ein 8/12-effekt på registrerte stillingar/lønsbudsjett for 2024. Dette er innarbeidd i talmaterialet og fordelt på ansvarsområda.

6.1.8 Pensjonskostnader

Vekst i pensjonskostnadane for kommunane er venta å auke i samband med lønsveksten. KLP legg til grunn prognosar frå SSB og Norges Bank kring løns- og trygdeoppgjeret for 2024. Reguleringspremien for 2023 vart svært høg (over 50 mill.) og skal etter amortiseringsprinsippet kostnadsførast over 7 år, kostnadene til pensjon vil difor auka ein i åra framover. Kommunen sin prognose legg til grunn KLP sin regulering i 2024 og utifrå dette vil pensjonskostnad til KLP få ein auke på 11,2 mill. for 2024. For Staten pensjonskasse er det mindre endringar.

6.1.9 Finansinntekter og -utgifter

Finansinntekter og -utgifter er berekna etter Kommunalbanken sine rentepronosar med omsyn til den delen av porteføljen som er fastrentelån. Lånerenta er forventa å reduserast frå ca. 5,4 % i 2024 til 4,3 % i 2027. Det høge rentenivået og auka investeringskostnader gjer at renteutgiftene til Årdal kommune i perioden er venta å veksa til ca. 37 millionar kroner i 2027, mot 11,4 millionar kroner i 2022 og budsjettert 16,7 millionar kroner i 2023.

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Høgare renter ser ikkje ut til å verta kompensert fullt ut gjennom auka rammetilskot, slik at andre kostnader må reduserast i takt med auka rentekostnader.

Kommunen legg til grunn eigarskapsmeldinga i forkant av planperioden. For å oppnå ein eigenkapitalbeholdning stor nok til å handsame investeringsnivået i planperioden, er kommunen avhengig av ein utbytepolitikk som gjev innbetaling av utbytte frå solide selskap kommunen har eigarinteresser i. For planperioden ligg årleg inne eit budsjettet utbytte på 10 millionar kroner i samband med ein aktiv utbytepolitikk i kommunen.

Sal av konsesjonskraft i planperioden er sett etter kva nivå avtalen med Årdal Energi Holding AS har p.t. Det er budsjettet med 10 millionar kroner i utbytte kvart år i planperioden. Dette er mindre enn åra 2022 og 2023, men høgare enn tidlegare. Reelt utbytte er avhengig av økonomien i selskapa Årdal kommune har eigarinteresse i.

Avdrag er berekna ut frå investeringsnivået, årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. Investeringane i planperioden er sett i høve eit venta investeringsnivå utifrå handlingsplanar og då spesielt Helse- og omsorgsplan 2019-2029. Dette vil føra til auke i avdrag grunna store investeringar.

Det er heft usikkerheit i berekningar både i høve investeringsvolum og rentenivå.

6.2 Utvikling i inntekter og utgifter i perioden

Tabell 8 - Utvikling i inntekter og utgifter 2022-2027 (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-174 173	-193 669	-218 657	-222 479	-222 481	-222 486
Skatt på inntekt og formue	-185 153	-185 403	-182 693	-182 693	-182 693	-182 693
Eigedomsskatt	-67 296	-65 228	-66 908	-66 908	-66 908	-66 908
Andre skatteinntekter	-28 473	-27 698	-31 474	-31 474	-31 474	-31 474
Andre overf. og tilskot frå staten	-15 631	-9 989	-20 750	-20 750	-20 750	-20 750
Overføringer og tilskot frå andre	-90 045	-68 385	-72 350	-72 350	-72 350	-72 350
Brukarketingar	-20 723	-19 257	-18 177	-18 177	-18 177	-18 177
Sals- og leigeinntekter	-53 608	-65 675	-55 059	-55 059	-55 059	-55 059
Sum driftsinntekter	-635 103	-635 305	-666 067	-669 889	-669 891	-669 896
Utgifter til løn	343 049	346 374	381 251	381 251	381 251	381 251
Sosiale utgifter	71 099	83 989	85 330	85 330	85 330	85 330
Kjøp av varer og tenester	158 364	138 954	150 143	135 143	124 643	117 643
Overføringer og tilskot til andre	36 059	18 643	24 203	23 203	23 203	23 203
Avskrivningar	31 765	27 164	30 600	30 600	30 600	30 600
Sum driftsutgifter	640 336	615 124	671 527	655 527	645 027	638 027
Brutto driftsresultat	5 233	-20 181	5 461	-14 361	-24 863	-31 868
Renteinntekter	-4 078	-2 915	-6 555	-6 555	-6 555	-6 555
Utbytte	-26 123	-21 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	11 463	16 732	24 251	24 253	29 212	37 354
Avdrag på lån	22 568	24 845	24 691	25 578	31 004	38 917
Netto finansutgifter	3 830	17 662	32 387	33 276	43 660	59 716
Motpost avskrivningar	-31 765	-27 164	-30 600	-30 600	-30 600	-30 600
Netto driftsresultat	-22 702	-29 683	7 248	-11 686	-11 804	-2 753

6.3 Til disposisjon for tenesteområda

Det er sentrale endringar og utfordringar frå 2023 og inn i nytt budsjettår og ny planperiode som gjev utslag på drifta. Dette gjeld bl.a. følgjande moment:

- Lønsvekst 5,1 % (+ 21,7 mill.)
- Pensjon (KLP/SPK), auke i nivå (+ 11,2 mill.)
- Auke i finanskostnad (rentekostnad) (+ 7,5 mill.)


Auken i inntekter frå rammetilskot og skatt på 25 millionar kroner frå budsjett 2023 til budsjett 2024 dekkjer ikkje desse 3 momenta og fører til reduserte midlar til disposisjon for tenesteområda.

6.3.1 Prisar, satsar og gebyr

Prisar, satsar og gebyr for kommunen sine tenester er gjennomgått ute på områda, og er i hovudsak korrigert med ein generell auke som varierer frå om lag 4 % til 6 %. På einskilde område er prisauken større. Variasjonen er på grunn av ulike kostnadsbehov og tenester den enkelte pris representerer. Dette gjeld prisar og gebyr som ikkje er underlagt lovbestemte prissettingar.


Sjølvkostområda er gjennomgått i samarbeid med Momentum og gebyr er justert for å vera i samsvar med sjølvkostprinsippa innan vatn, avløp og feiing (100 % kostnadsdekning). På desse områda aukar gebyra frå 9 % til 32 %. Innanfor renovasjon og slam vil SIMAS utføra desse tenestene for Årdal kommune frå 2024. Gebyret på slam vert for dei fleste abonnentane redusert med om lag 12 %. Renovasjonsgebyret går monaleg ned frå nivået i Årdal kommune i 2023, men storleiken på nedgangen varierer etter kva storleik på restavfallsdunken kundane har i 2024. Følgjande oppstilling viser gebyrendring for ein vanleg abonnent som er knytt til offentleg vatn og avlaup:

Tabell 9 - Gebyrkostnader standard renovasjonsabonnement med vatn og avlaup

	2023	2024	Endr. i kr	Endr. i %	Føresetnad	
Renovasjon	6 476	4 351	-2 125	-32,8 %	Standard 140 liter restavfall	
Avløp	2 438	3 211	773	31,7 %	80-250 m ²	
Vatn	3 457	3 754	297	8,6 %	80-250 m ²	
Feiing	610	824	214	35,1 %	1 pipe	
Totalt	15 004	14 164	-840	-5,6 %		

Tilsvarande kostnader for ein vanleg abonnent som har slamtank og ikkje knytt til offentleg vatn vil verta:

Tabell 10 - Gebyrkostnader standard renovasjonsabonnement med slamtank, ikkje knytt til offentleg vatn

	2023	2024	Endr. i kr	Endr. i %	Føresetnad	
Renovasjon	6 476	4 351	-2 125	-32,8 %	Standard 140 liter restavfall	
Slam	1 896	1 659	-237	-12,5 %	Slamtank < 4,5 m ³	
Feiing	610	824	214	35,1 %	1 pipe	
Totalt	11 005	8 858	-2 147	-19,5 %		

Som tabellane over viser, vil gebyrkostnadene på desse tenesteområda gå ned for dei aller fleste innbyggjarane.

På sjølvkostområda byggesak og delesak er det budsjettert med ein kostnadsdekning på kring 24 % og for oppmåling er det lagt opp til ein kostnadsdekning på om lag 40 %. Innanfor desse områda er det ikkje

lovpålagt med 100 % kostnadsdekning. Ein del av desse gebyra er føreslått monaleg auka for å dekkja ein større del av kostnadene med tenestene.

6.3.2 Tiltak/prioriteringar

Kommunedirektøren har prioritert følgjande tiltak knytt til tenesteytinga i kommunen utifrå behov og gjeldande vedtak. Alle tal mot budsjett 2023

Utdanning og oppvekst

- Skulane - vidareført auke i tal stillingar som vedteke i revidert budsjett 2023 (12 stillingar).
- Skulane - auke programvarelisensar kr 250'.
- Skulane - redusert refusjon frå andre kommunar kr 650'.
- Skulane - redusert refusjon frå staten kr 800'.
- Barnehagane - redusert foreldrebetaling kr 1,3 mill.
- Barnehagane - auka kostnader matvarer kr 100'.
- Barnehagane - auka matpengar kr 180'.
- Barnevern - auka fosterheimgodtgjering og utgiftsdekning kr 1,56 mill.
- Barnevern - auka kjøp av tenester frå stat og fylke kr 980'.
- Barnevern - auka kjøp av tenester frå private kr 740'.

Helse og omsorg

- Fortsetja å innføring av årsturnus - gjev ikkje ein direkte innsparing, men betring av planlegging og indirekte betring av drift. Evt. justering av dette i revidert budsjett 2024.
- Pleie og omsorg - auka budsjett overtid kr 2,5 mill.
- Pleie og omsorg - vikarbyrå kr 5,3 mill. I tillegg er det budsjettert med at alle stillingar er tilsett, så budsjettposten dekkjer berre tilleggskostnaden ved at ein må bruka vikarbyrå i staden for eigne tilsette.
- Pleie og omsorg - redusert kjøp av tenester frå private -kr 1,2 mill.
- Bu- og miljø - auka budsjett overtid kr 1,3 mill.
- Bu- og miljø - auka refusjon frå staten -kr 920'.
- Helse og omsorg - vidareføring av stillingsressurs for oppfølging av sjukmelde/vikarar, betring av total bemanning kr 650'.
- Sosialtenester - auka kostnader til introduksjonsstønad kr 2,0 mill.
- Sosialtenester - reduserte kostnader til kvalifiseringsstønad -kr 530'.
- Helse - auka kostnader til vikarlegar legekontor kr 2 mill.
- LMS - prisauke avtale kr 1,3 mill.

Kultur, miljø og samfunn

- Kultur/idrett -vidareføring av idrettskonsulent (prosjektstilling) kr 850'. Finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
- Tekniske tenester - nytt tiltak: førebyggjande vedlikehald plastring av elveløp kr 500'.
- Tekniske tenester - auke førebyggjande vedlikehald rassikring kr 150'.
- Tekniske tenester - auka vedlikehald Ofredalsvegen kr 500'.
- Tekniske tenester - Trafikktrygging Vesvegen, gjerde, gatelys og asfalt kr 750'.
- Tekniske tenester - Brannvern. Auka refusjonar -kr 600'.
- FDV - auke vedlikehald bygg kr 1,1 mill.
- FDV - auke straumkostnad kr 200'.
- FDV - auke husleiger / eigedomsgebyr kr 500'.
- Renovasjon og slam - SIMAS utfører dette på vegne av Årdal kommune frå 2024.
- Reinhald vert skild ut frå FDV som eige ansvarsområde.


Administrasjon og folkevalde

- Folkevalde - auke tilskotsmidlar kr 125'.
- Lærlingar - auka satsing kr 970'.
- Styrka opplæring - m.a. Sogn opplæringskontor og Vil vite 1,2 mill.
- Adm./personal - auke rekrutteringsstipend kr 150'.
- Adm./personal - auke nyttilsettstipend kr 60'.
- Kontingentar - auke til KS, Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, Vestland Fylkeskommune, Kinn kommune (innkjøppssamarbeid) m.m. kr 510'.
- Adm./personal - leiarutviklingsprogram 2024 kr 500'.
- Næringsutvikling - uendra driftsnivå Årdal Utvikling i planperioden på kr 5,2 mill. pr år, med ei tilleggsløyving på 1,0 mill. i 2024. Finansiert ved inndeckning via næringsfond.

6.3.3 Nedprioritering/innsparing

Som det går fram av Tabell 4 var brutto driftsresultat i 2022 minus 5,2 millionar kroner, driftskostnadene var større enn driftsinntektene. Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter siste 4 åra er vist i Figur 4.

Figur 4 - brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (tal frå KOSTRA)



Kostra-tala viser at landet utan Oslo i gjennomsnitt hadde eit brutto driftsresultat på 2,2 % i 2022. Tilsvarande tal for Kostragruppe 2 (som er kommunar som kan samanliknast med Årdal kommune) var 2,3 % i 2022.

Hadde Årdal kommune hatt same prosentvise brutto driftsresultat dei siste 3 åra som kommunar i Kostragruppe 2, ville Årdal kommune i denne 3-årsperioden hatt i gjennomsnitt 15,1 millionar kroner meir årleg til å setja av til framtidige investeringar.

Staten reknar at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på minst +1,75 % for å ha ein sunn økonomi. Då det aller meste av inntektene er relativt faste, må Årdal kommune redusera driftskostnadene for å få ein sunn økonomi. Med dei auka rente- og avdragsutgiftene som er venta dei neste åra, må Årdal kommune redusera driftskostnadene monaleg for å oppnå dette.

I 2020 hadde Årdal kommune eit netto driftsresultat på -1,7 %. I 2021 var det +0,1 % medan det i 2022 var

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

3,6 %. Auken i 2022 skuldast utbytte på 26,1 millionar kroner mot 1,4/3,2 millionar kroner i 2020/2021. Med eit utbytte på nivå med 2020/2021 ville netto driftsresultat i 2022 vore -0,2 %.

Budsjettet for 2023 var sett opp med eit forventa netto driftsresultat med +4,7 %. I budsjettet for 2023 var det lagt til grunn at driftskostnadene vert 25 millionar kroner lågare i 2023 enn rekneskapen for 2022, medan inntektene er budsjettet om lag likt som rekneskapen for 2022. Det er budsjettet med utbytte på 21 millionar kroner.

Utbytteinntektene ser ut til å verta om lag som budsjettet, driftsinntektene truleg litt høgare enn budsjettet, men driftskostnadene aukar monaleg frå 2022, dei vert ikkje 25 millionar kroner lågare enn i 2022 som budsjettet. Det er m.a. tilført ein god del ressursar innan oppvekst, jamfør kommunestyresak 034/23 (revidert budsjett 2023).

Realiteten er at netto driftsresultat i 2023 truleg vil krypa ned mot 0 % og det vil ikkje vera mogleg å setja av i nærleiken av dei 30 millionar kronene til disposisjonsfond som budsjettet.

Kommunedirektøren skal legge fram eit budsjett 2024 og økonomiplan for 2024-2027 i balanse, og lyt gjennomføre vurdering av nedprioriteringar utifrå utvikling og endring i rammevilkår. Årdal kommune sitt budsjett 2024 er lagt fram med grunnlag i rammevilkår frå statsbudsjett 2024, der forutsetningane for vekst i prisar, lønningar og renter vert lagt til grunn.

Kostra-analysar viser at Årdal kommune har eit relativt høgt utgiftsnivå på fleire ulike område. Programvara Framsikt analyserer kostra-tal frå alle Kommunar i Noreg og Tabell 11 viser innsparingspotensiale for ulike område i Årdal kommune. Alle tal er i millionar kroner pr. år og tala er justert for utgiftsbehov.

Det er viktig å merka seg at det teoretiske innsparingspotensialet er berekna under føresetnad at alle kommunar bokfører kostnader 100 % i samsvar med kostra-standarden og rapporterer 100 % korrekt. Det vil alltid vera feilkjelder som gjer at slike analysar ikkje er til å stola 100 % på, men analysane indikerer at Årdal kommune har eit relativt høgst kostnadsnivå samanlikna med andre kommunar. Spesielt ser ein dette innan for Pleie og omsorg.

Samanlikningstala er avgjort rekneskap 2022 + andre innrapporterte tal for 2022. Grunna stor kostnadsauke innanfor skular i 2023-2024 i Årdal kommune, vil ein tilsvarande analyse for 2024 gje høgare potensielt innsparingspotensial på området Grunnskule enn Tabell 11 syner.

Tabell 11 - Teoretisk innsparingspotensiale¹

Tenesteområde	Teoretisk handlingsrom i mill. kroner årleg
Adm, styring og fellesutgifter	0,0
Barnehage	1,8
Barnevern	1,4
Brann og ulykkesvern	0,0
Grunnskole	1,7
Kirke	0,8
Kommunale boliger	1,7
Kommunehelse	0,0
Kultur og idrett	1,9
Landbruk	0,4
Næringsfor. og konsesjonskraft	6,5
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	3,0
Pleie og omsorg	39,7
Samferdsel	0,4

¹ Område med negativt handlingsrom er i tabellen vist med 0

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Sosiale tjenester	0,0
Totalsum	59,3

Då både renteutgifter og utgifter til avdrag på lån aukar kraftig, må brutto driftsresultat forbetraast. Då det er relativt lite handlingsrom til å auka inntektene betyr dette at Årdal kommune må redusera driftskostnader. Det vert i planperioden budsjettet med at brutto driftsresultat må betrast med vel 30 millionar kroner i forhold til rekneskapen for 2022. I realiteten vil innsparingane måtta vera større enn dette då kostnadsnivået i løpet av 2023 har auka monaleg, spesielt innanfor skulesektoren.

Kommunedirektøren har difor starta arbeidet med eit omstillingsprosjekt med føremål å redusera årlege kostnader frå dagens nivå med 40-45 millionar kroner i løpet økonomiplanperioden. Prosjektet vil verta gjennomført i samarbeid med dei tilsette/tillitsvalte.

Då løn er den største utgiftsposten til kommunen vil dette også medføra at tal årsverk må reduserast. Kommunedirektøren vil gå gjennom organisering av tenestene, eksterne kontraktar, tenestenivå m.m. med målsetjing å kunna tilby best mogleg tenester for dei pengane kommunen har til rådvelde.

Kommunedirektør og finansutval vil ha tett samarbeid for å sikra at ein greier å nå måla i omstillingsprosjektet samstundes som ein greier å oppretthalda dei lovpålagte tenestene på eit tilfredsstillande nivå.

Kommunedirektøren har i budsjettet framlegg om å redusera kostnader / auka inntekter i 2024 på m.a. anna følgjande områder:

Tiltak	Anslått effekt 2024
Omlegging av sjukeheimslassar til omsorgsbustader	1 400 000
Omorganisering i Grandane	350 000
Redusera bruk av Sogn vekst	500 000
Redusera opningstid friluftsbad med 2 veker	200 000
Redusera asfaltering (frå 2,2 mill til 1,7 mill)	500 000
Juster rabattordning for utleige av idrettsanlegg med 10 %-poeng	250 000
Auka hamneavgifta (+ 20 %)	130 000

(Tiltaka som vist over vart vedteke med unnatak av å justera rabattordning for utleige av idrettsanlegg).

I omstillingsprosjektet som omtala over legg kommunedirektøren i tillegg opp til at kostnadene i perioden skal reduserast i samsvar med følgjande tabell (2024 som reduksjon i forhold til dagens driftsnivå, dei andre åra som reduksjon frå førre år):

Tabell 12 - reduksjon av kostnadene i planperioden

År	2024	2025	2026	2027
Reduserte kostnader	11 400 000	15 400 000	10 900 000	7 400 000

Dei reduserte kostnadene er i økonomiplanen spreidd på alle tenesteområda (jamfør Tabell 2) med eit forholdstal som samsvarar med brutto driftskostnader på områda i dag. I omstillingsprosjektet vil ein måtta omprioritera mellom tenesteområda.

7 Økonomisk utvikling i planperioden

7.1 Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter


Figur 5 - Utvikling av netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Årdal	0,0 %	-1,7 %	0,2 %	3,3 %	4,7 %	-1,1 %	1,7 %	1,8 %	0,4 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

7.2 Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter

Figur 6 - Utvikling av finanskostnader i prosent av brutto driftsinntekter



Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Årdal	0,0 %	4,9 %	4,2 %	0,6 %	2,8 %	4,9 %	5,0 %	6,5 %	8,9 %

7.3 Vurdering av den økonomiske utviklinga

Som det går fram av Figur 4 i kap. 6.3.3 har kommunen dei siste åra hatt større driftskostnader enn driftsinntekter (negativt brutto driftsresultat). Netto finanskostnader aukar frå 17,7 millionar kroner i 2022 til 59,7 millionar kroner på slutten økonomiplanperioden. For å kunna oppnå eit positivt netto driftsresultat må difor kommunen redusera driftskostnadene monaleg. Med dei føresetnadene og tiltaka som er skissert i planen vil ein kunna oppnå å nå måltala for netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter i åra 2025 og 2026, sjå Tabell 14, men i 2027 vil dette verta krevjande då netto finanskostnader aukar med kring 16 millionar kroner frå 2026 til 2027 grunna auka rente- og avdragskostnader. Dette kan kompenserast ved at ein får monalege innsparingar på drift som følgje av investeringane, men dette er ikkje kalkulert enno og difor heller ikkje lagt inn som ein potensiell omstilling/kostnadsreduksjon i økonomiplanen.

Tabell 13 - Økonomisk utvikling, hovudtal 2024-2027 (tal i 1000 kr)

	Budsjett 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Sum inntekter	-635 305	-666 067	-669 889	-669 891	-669 896
Sum utgifter	615 124	671 527	655 527	645 027	638 027
Brutto resultat	-20 181	5 461	-14 361	-24 863	-31 868
Netto finansutgifter og inntekter	17 662	32 387	33 276	43 660	59 716
Motpost avskrivinger	-27 164	-30 600	-30 600	-30 600	-30 600
Netto resultat	-29 683	7 248	-11 686	-11 804	-2 753
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	29 682	-7 248	11 686	11 804	2 753
Årsresultat	-0	0	-0	-0	-0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	4,7 %	-1,1 %	1,7 %	1,8 %	0,4 %

Tabell 14 - Økonomisk utvikling, nøkkeltal 2024-2027

Indikator	Målsetting	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,75 %	-1,1 %	1,7 %	1,8 %	0,4 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	75,0 %	80,8 %	100,8 %	131,6 %	128,0 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter alt. 1*	5,0 %	5,0 %	6,9 %	8,8 %	9,4 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter alt. 2*	5,0 %	7,2 %	9,1 %	11,1 %	11,7 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter alt. 3*	5,0 %	9,5 %	11,4 %	13,3 %	13,9 %

*Alternativ 1 over er dersom det vert sett av kr 0 til disposisjonsfond frå resultat 2023 og det ikkje vert tilført eller henta ut frå fondet anna enn det som allereie er vedteke og budsjettert i økonomiplanen. Alternativ 2 er tilsvarende som alternativ 1, men der det vert sett av 15 millionar kroner til disposisjonsfond frå resultat 2023.

Alternativ 3 er tilsvarende som alternativ 1, men der det vert sett av 30 millionar kroner (som budsjettert) til disposisjonsfond frå resultat 2023.

8 Utdanning og oppvekst

8.1 Driftsbudsjett

Tabell 15 – Tenesteområde Utdanning og oppvekst - Driftsutgifter og driftsinntekter fordelt på hovudart (tal i 1000 kr)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Driftsutgifter						
Lønn	130 403	124 692	149 168	149 168	149 168	149 168
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon ²	10 173	10 341	8 248	4 178	1 327	-572
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 039	6 071	7 856	7 856	7 856	7 856
Overføringsutgifter	1 701	214	295	295	295	295
Finansutgifter	9	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	149 324	141 319	165 567	161 497	158 646	156 747
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-9 513	-8 462	-7 950	-7 950	-7 950	-7 950
Refusjoner	-11 983	-6 763	-6 292	-6 292	-6 292	-6 292
Overføringsinntekter	-54	-35	-0	-0	-0	-0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-492	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-22 042	-15 260	-14 242	-14 242	-14 242	-14 242
Sum	127 281	126 058	151 325	147 255	144 404	142 505

8.2 Skildring av verksemda i dag

Område Utdanning, oppvekst og kultur har desse tenesteområda:

- Tangen skule
- Farnes skule
- Barnehagar
- Barnevern
- Vaksenopplæring
- PPT
- Kultur

Årsbudsjettet for 2024 har ein vesentleg auke i driftsrammene sett i høve til 2023. Dette skuldast i hovudsak auke i stillingar knytt til opplæringa av minoritetsspråklege barn og andre elevar som treng ekstra oppfølging av ulike årsaker. Dessutan er det lagt inn i budsjettet ein auke på tre stillingar til grunnbemanninga i barnehagane. Inntektene i barnehagane går i tillegg ned grunna reduksjon i foreldrebetaling. Frå barnehageåret 2024-25 vil foreldrebetalinga vere redusert til kr 1 500 per barn i månaden.

Oppvekstsektoren i Årdal kommune har tett og godt samarbeid med det lokale næringslivet knytt til teknologi. Dette for å skape interesse for faget og lokalt kjennskap til teknologibygda Årdal. Spesielt samarbeidet med Sogn opplæringskontor er viktig i dette arbeidet. Her ligg det inne kjøp av tenester tilsvarende 0,8 årsverk.

² Alle reduserte kostnader i planperioden, jamfør pkt. **Error! Reference source not found.**, er lagt inn på denne posten i driftsbudsjettet

Utgreiinga av framtidig skule- og barnehagestruktur vil fortsette i 2024. Ein forventar effektar av auka sambruk av lokale og personale dersom ein får realisert å samle Farnes skule i eit bygg og samlokalisert fleire barnehagar. Eit forprosjekt i 2024 vil gi oss eit betre kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet.

Oppvekstsektoren merkar på lik linje med resten av samfunnet ei sterk prisstigning. Dette kombinert med lågare brukarbetaling gjer budsjetta og handlingsrommet trøngt. Budsjettet gir med det foreslårte volumet ikkje plass til å opprette ei stilling som logoped knytt til PPT. Behovet er til stades, men ikkje handlingsrommet. Dette tiltaket bør vurderast på nytt opp mot revidert budsjett i 2024. I høve barnevern er det lagt inn auka ressursar knytt til omsorgsovertaking. Barnevernskostnader er i det heile vanskeleg å budsjettere grunna dei samansette utfordringane tenesta har.

8.3 Kostra-analyse


Tabell 16 - Utvalde kostra-tal for grunnskule

Grunnskule	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostra- gruppe 02
Prioritet				
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	19,1 %	18,1 %	22,5 %	21,6 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) **)	123 822	118 116	104 232	113 824
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) **)	15 705	15 051	8 104	7 270
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) **)	24 051	23 410	22 704	25 149
Produktivitet				
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	93,8	77,1	36,4	55,8
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	246,0	300,0	145,1	180,8
Elever per kommunal grunnskole	263	273	234	165
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	10,9	11,0	12,6	10,8
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev (B)	124 375	120 657	113 235	126 763
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per (B)	147 291	150 961	140 589	159 633
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. Bruker (B)	42 944	38 431	34 431	31 894
Dekningsgrad				
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring (B)	0,0 %	0,0 %	2,1 %	0,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring (B)	3,1 %	4,8 %	5,3 %	5,4 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	6,5 %	5,3 %	7,9 %	8,2 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	98,5 %	98,2 %	97,8 %	98,2 %
Levekår				
Utgiftsbehov - Grunnskole	0,909	0,911	1,023	0,986

Figur 7 - Netto driftsutgifter grunnskolesektor pr. innbyggjar

Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger (B)

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Årdal	17 173	17 613	17 933	17 602
Landet uten Oslo	13 999	13 893	14 822	15 610
Kostragruppe 02	15 566	15 520	16 551	17 167

Tabell 17 - Utvalde kostra-tal for barnehagar

Barnehagar	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostra- gruppe 02
Prioritet				
Barnehage netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	7,7 %	7,6 %	11,6 %	9,9 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **)	201 688	223 228	190 039	203 089
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B) **)	10 414	10 783	9 828	10 377
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	185 081	194 115	189 188	186 293
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstid (kr) (B)	85,6	89,9	87,6	86,3
Dekningsgrad				
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	82,6 %	77,9 %	87,8 %	89,3 %
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	97,9 %	100,0 %	97,3 %	98,1 %
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	45,7 %	40,3 %	42,1 %	40,2 %
Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m ²)	8,0	8,3	5,9	6,9
Økonomi				
Barnehage Andel (prosent)	79,4	78,7	78,3	81,0
Styrket tilbud til førskolebarn Andel (prosent)	12,5	13,2	11,5	9,6
Andre nøkkeltal				


Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Andel barn, eks. minoritetsspråkl, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. bhg	8,0 %	6,6 %	4,1 %	3,2 %
--	-------	-------	-------	-------

Figur 8 - brutto driftsutgifter barnehagar pr. innbyggjar

Barnehage brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Årdal	11 924	11 901	12 166	12 539
Landet uten Oslo	10 199	10 149	10 681	10 919
Kostragruppe 02	10 827	10 599	11 482	11 627

9 Helse og omsorg

9.1 Driftsbudsjett

Tabell 18 – Tenesteområde Utdanning og oppvekst - Driftsutgifter og driftsinntekter fordelt på hovudart (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan			
			2024	2025	2026	2027
Driftsutgifter						
Lønn	235 519	218 951	237 080	237 080	237 080	237 080
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon ³	39 544	22 265	20 896	14 111	9 362	6 192
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	31 636	30 036	37 571	37 571	37 571	37 571
Overføringsutgifter	9 205	5 037	8 443	8 443	8 443	8 443
Finansutgifter	-323	1 243	250	250	250	250
Sum Driftsutgifter	315 581	277 532	304 240	297 455	292 706	289 536
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-18 481	-18 013	-18 678	-18 678	-18 678	-18 678
Refusjoner	-52 604	-38 225	-38 980	-38 980	-38 980	-38 980
Overføringsinntekter	-14 208	-8 469	-0	-0	-0	-0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-147	-530	-200	-200	-200	-200
Sum Driftsinntekter	-85 440	-65 237	-57 858	-57 858	-57 858	-57 858
Sum	230 141	212 295	246 382	239 597	234 848	231 678

9.2 Skildring av verksemda i dag

Område Helse og omsorg har desse tenesteområda:

- Pleie og omsorg
- Bu- og miljøtenesta
- Tildelingskontor
- Helse
- Sosialtenester

Kommunen pliktar å yte nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som bur og oppheld seg i kommunen. Området har auka etterspørsel etter tenester. Det er vekst i andel eldre og i antal ressurskrevjande brukarar. I tillegg medfører eit stort mottak av flyktingar, auka arbeidsledigheit og såkalla dyrtid til eit auka press på NAV-tenestene våre.

Fleire brukarar skal ha tenester og tenestene vert meir komplekse. Krava til kommunen frå regjering og spesialisthelseteneste aukar og medfører økte utgifter for kommunen. Årdal kommune slit med å få fatt i tilsette til sine helse og omsorgstenester og resultatet blir at ein har eit stort behov for innleigde vikarar.

Med budsjettet for 2024 skal vi synleggjere eit realistisk behov med utgangspunkt i eit komplekst utfordringsbilde. Tenesta skal løyse så mange oppgåver ein kan med dei ressursane me har tilgjengeleg. Me skal samstundes starte arbeidet med å syte for å legge om tenesta slik at me med dei ressursane me har kan yte tenester til alle brukarar som vil ha behov i åra som kjem.


³ Alle reduserte kostnader i planperioden, jamfør pkt. **Error! Reference source not found.**, er lagt inn på denne posten i driftsbudsjettet

Einingane har lagt fram sine budsjett basert på erfaringar frå dagens driftssituasjon.

Eldreomsorg

Pleie og omsorg har i 2023 innført årsturnus i heile tenesta. Erfaringar frå andre kommunar tilseier at heilårsturnus gjer det meir føreseileg å planlegge drift og vil mest truleg reduserer behovet for vikarar i tenestene.

Figur 9 - "Eldrebølgja" i Årdal



Årdal kommune vil ha ein kraftig vekst i andel eldre fram mot 2040.

Tenesta har starta opp arbeidet med skisseprosjekt med tanke planlegging og bygging av nytt omsorgssenter. Skisseprosjektet er i gang og vil bli presentert i løpet av vinteren 2024.

I arbeidet med skisseprosjektet har NORCONSULT analysert dekningsgrad for sjukeheimslassar i kommunen. Dei vurderer at Årdal kommune har høg dekningsgrad i antal sjukeheimslassar. Dei seier samstundes at kommunen har for fåe omsorgsbustadar med tilgang til ei heildøgns teneste. Tenesta vurderer at ein slik profil ikkje er berekraftig. Dersom kommunen i framtida skal vere i stand til å yte tenester til dei brukagruppene som vil ha behov for tenester er det viktig at ein startar ei omlegging av tenesta der ein finn ein balanse mellom sjukeheimslassar og omsorgsbustadar med tilgang til heildøgn tenestar.

Området vil jobbe vidare med å implementere velferdsteknologi i tenesta for å effektivisere drifta og sikre at brukarane kan kunne bu heime så lenge som mogleg. Ein kan nemne digitale tilsyn, lokaliseringsteknologi mm

Rekruttering av personale er fortsatt ei utfordring. Fleire tilsette vil framover gå av med pensjon noko som gjev oss eit ytterlegare behov for fleire helsefagarbeidarar og sjukepleiarar i eldreomsorg. Ein har lyst ut stillingar til vernepleiarar i eldreomsorg men ikkje fått særleg respons på dette. For å møte det auka behovet har kommunen opprettet auka opp tal læringsplassar i områda samt lyst ut stipend til

sjukepleiarar og vernepleiarar. Ein jobbar og aktivt på andre måtar for å rekruttere nye tilsette.

Tenesteområdet jobbar systematisk for å redusere antal sjukemeldte.

Bu- og miljø

Tenesta har det siste året vore deltagar i eit læringsnettverk saman med 19 andre kommunar i Vestland. Ein har analysert kostratal og ser at tenesta i tillegg til å ha den høgaste andelen av ressurkrevjande brukarar i læringsnettverket og er den kommunen som brukar mest ressursar per brukar.

Dette er ikkje ein berekraftig modell og ein jobbar no med å gå gjennom funna for å kunne setje inn tiltak som vil kunne sikre bærekraft i tenesta.

Ein har hatt eit auka fråvær i området i 2023 og har difor hatt høgare utgifter til overtid enn budsjettet. Dei som jobbar i tenesta har høge stillingsprosentar og det er vanskeleg å få inn eksterne vikarar.

Psykisk helse, legetenesta, LMS, helsestasjon fysio\ergoterapi

Legetenesta manglar for tida to legar i ledige heimlar men har i 2023 sikra kontinuitet og kvalitet i tenesta ved å tilsetje ein ny fastlege og inngått langtidsavtale ut 2024 med to danske legar som har overteke kvar si fastlegelist. Ein har redusert ei fastlegeliste ved å tilsetje ein sjukeheimslege i ein 20 prosent stilling. Legekontoret har i tillegg ein turnuslege.

Helsestasjonen er og i år prega av sjukefråvær og det er krevjande å få kontinuitet i tenesta.

Psykisk helseteneste har vekst i tal brukarar og har i 2023 hatt fokus på å sikre gode nok tenester til dei yngre brukarane.

LMS

Årdal og Lærdal har felles kommunelegefunksjon og vil fortsetje med dette i 2024. Utgifter til legevakt er auka opp i budsjettet pga. justeringar av legelønner. Det har synt seg at LMS har komme lønsmessig under andre legevaktamarbeid ein kan samanlikne seg med og dette er forsøkt justert opp i budsjettet. Kommunen har store utgifter til dei såkalla KAD sengene. Andel KAD senger vart justert frå 4 til 2 for to år sidan men når ein ser på antal liggedøgn så er utgiftene til kommunen uforholdsmessig høge. Dette er noko ein må sjå på i løpet av 2024.

Tildelingskontoret

Tildelingskontoret har ei viktig oppgåve med å vere ansvarleg for å tildele tenester til rett person, til rett tid og på rett nivå. Kontoret mottek alle søknadar om helse og omsorgstenester i kommunen og kartlegg behov og tildeler vedtak om tenester. Det er ikkje føreslege endringar her.

NAV- sosial og flyktning

Oppretthalde tenestenivået på same nivå som 2023. Usikkerheit knytt til mottak av flyktningar frå Ukraina og kva nivå mottak skal ligge på, og kva konsekvensar tidlegare års busetting får for framtidige budsjettrammer. Det er mogleg budsjettet her må justerast, det vil ein i såfall ta med i revidert budsjett.

Startlån (lån til vidare utlån)

Startlån og bustadtilskot er verktøy i verktøykassa i det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Desse verktøya skal bidra til at barnefamiliar og andre vanskelegstilte kan kjøpe bustad og personar med nedsett funksjonsevne kan få tilpassa bustad. Kommunane kan gjennom lån frå Husbanken yte startlån til personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som ikkje har moglegheit til å spare. I denne gruppa er det barnefamiliar som skal prioriterast. Andre grupper er trygdemottakarar og bustadlånetakarar med gjeldsproblematikk som står i fare for at bustaden blir tvangsseld.

Kommunane fekk tidlegare tildelt tilskotsmidlane frå Husbanken. Dette er endra og kommunane får no

tilskotet gjennom rammeoverføringane og må setje av midlar sjølv til fordeling til innbyggjarane. Årdal kommune legg Husbanken sitt regelverk til grunn for sakshandsaming av søknadane. Det er i budsjett og økonomiplan lagt til grunn at kommunen sin rente- og avdragskostnad til Husbanken vert finansiert gjennom innbetalte rente- og avdragskostnad frå dei som har startlån. Det vert tilrådd nytt låneopptak på 10 mill. kroner i 2024. Det vert ikkje tilrådd å avsetje pengar til tilskot då tilskotet som allereie er avsett frå tidlegare år ikkje er nytta fullt ut og ein føreslår at desse midlane blir overført til 2024.

9.3 Kostra-analyse

Tabell 19 - Utvalde kostra-tal for pleie og omsorg


Pleie og omsorg	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostra-gruppe 02
Prioritet				
Andel beboere i bolig m/ fast tilknyttet bemanning hele døgnet som er 80 år og over (prosent)	40,5 %	40,8 %	32,9 %	47,5 %
Helse- og omsorg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	49 318	51 068	30 517	37 749
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	45,0 %	45,1 %	34,6 %	36,6 %
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	425 926	448 753	323 850	286 021
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 558 583	1 593 541	1 520 481	1 528 976
Dekningsgrad				
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	28,8 %	29,1 %	31,2 %	29,8 %
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	10,0 %	10,7 %	7,5 %	7,0 %
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	4,5 %	5,3 %	3,6 %	5,9 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	33,2 %	29,7 %	28,0 %	32,4 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	11,8 %	11,3 %	10,4 %	10,1 %
Kvalitet				
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	83,1 %	78,3 %	93,3 %	97,6 %
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av lege siste år	44,0 %	57,1 %	65,8 %	65,5 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	98,7 %	98,9 %
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	440,4	460,6	322,0	377,6
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	0,57	0,60	0,58	0,53
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	43 701	45 137	26 291	31 559
Levekår				
Utgiftsbehov - Pleie og omsorg	1,396	1,390	1,030	1,225
Andre nøkkelta				
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,49	0,51	0,42	0,41
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,32	0,39	0,64	0,54
Ressursbruk Pleie og omsorg	123,69	120,74	99,21	97,52

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Figur 10 - Netto driftsutgifter pr. innbygger i pleie og omsorg

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Årdal	23 955	25 331	27 467	28 704
Landet uten Oslo	19 669	19 780	21 654	23 770
Kostragruppe 02	19 995	20 563	22 338	23 356

10 Kultur, miljø og samfunn

10.1 Driftsbudsjett

Tabell 20 – Tenesteområde Kultur, miljø og samfunn - Driftsutgifter og driftsinntekter fordelt på hovudart (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan			
			2024	2025	2026	2027
Driftsutgifter						
Lønn	44 038	42 812	46 861	46 861	46 861	46 861
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon ⁴	43 164	42 497	49 409	46 811	44 993	43 778
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	6 317	4 705	10 697	10 697	10 697	10 697
Overføringsutgifter	7 191	512	517	517	517	517
Finansutgifter	7 249	7 961	5 656	5 656	5 656	5 656
Sum Driftsutgifter	107 959	98 487	113 141	110 543	108 725	107 510
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-39 779	-47 534	-36 521	-36 521	-36 521	-36 521
Refusjoner	-5 419	-2 352	-6 436	-6 436	-6 436	-6 436
Overføringsinntekter	-196	-145	-220	-220	-220	-220
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-8 621	-7 619	-5 436	-5 436	-5 436	-5 436
Sum Driftsinntekter	-54 016	-57 650	-48 613	-48 613	-48 613	-48 613
Sum	53 943	40 838	64 528	61 930	60 112	58 897

10.2 Skildring av verksemda i dag

Området Kultur, miljø og samfunn har desse tenesteområda:

- Kultur
- Fritidstiltak
- Kommunalteknisk forretningsområde (VA)
- Tekniske tenester
- FDV / Forvalting, drift og vedlikehald

FDV

FDV-seksjonen har dei siste åra hatt eit stort meirforbruk på drift. Det er fleire årsaker til dette. Prisauken på mange av varene og tenestene seksjonen kjøper har hatt stor prisuke som ikkje har vorte kompensert for i driftsbudsjettet. Kommunen har heller ikkje auka satsane på inntektsartane sine i same grad som på dei varene og tenestene kommunen kjøper.

Drifts- og vedlikehaldsbudsjettet står ikkje i forhold til bygningsmassen sitt omfang, alder og tilstand. Vedlikehalds-eterslepet er så stort at eit større driftsbudsjett er heilt naudsynt. Å drifta og vedlikehalda kommunen sin bygningsmasse på ein forsvarleg måte innanfor gjeldande råmer er ikkje mogleg.

FDV-seksjonen har i budsjettarbeidet for 2024 lagt fram ein oversikt over utgiftsartar som må aukast opp for å kunne ha eit driftsbudsjett i balanse og samstundes kunne ivareta kommunen sin bygningsmasse på eit minimumsnivå.

Seksjonen har også kome med framlegg til kostnadsreduserande tiltak og tiltak for å auka kommunen sine

⁴ Alle reduserte kostnader i planperioden, jamfør pkt. **Error! Reference source not found.**, er lagt inn på denne posten i driftsbudsjettet

inntekter.

Det viktig å merka seg at handlingsrommet i FDV-seksjonen sitt driftsbudsjett er langt mindre enn storleiken på budsjettet skulle tilseia. Ein stor del av kostnadene er bunde i faste kostnader som straum, forsikringar, kommunale gebyr mm for heile kommuneorganisasjonen.

I 2024 vert det oppretta eige budsjett for reinhald – ansvar 172.

Klima og Miljø

Årdal sin samfunnsplan viser i kva retning kommunen skal utvikle seg i over tid. Den viser og korleis kommunen og andre aktørar vil bidra til at utviklinga kan gå i den retninga. Kommunen har lagt sterke føringar om å vere i front for å setje dagsorden for arbeid i eigen organisasjon og i samfunnet som heilskap. Samfunnsplan har teke utgangspunkt i FN sine berekraftsmål og dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: *klima/miljø, økonomi og sosiale* tilhøve.

Endringar i klima har alt ført til store utfordringar for Årdal i form av meir ekstremvær og nedbør, med auka fare for flaum og ras. Arealstrategiane i kommunen skal sikre at vi kan dekke nye behov og legge føringar for arealmessige avklaringar. Årdal har fått rolle som nasjonalparkkommune og det er nye utfordringar knytt til dette. Som nasjonalparkkommune er det viktig å få på plass utbyggingsgrenser og utbyggingsstrategiar som kan bidra til å auke attraktiviteten for dei som bur i bygda. Trekke til seg enno fleire besøkande samt å sikre areal til å utvikle ny industri som del av det grøne skifte.

Årdal Kommune har mange gamle reguleringsplanar. Ein stor del av byggesaker i både hytteområder og i «bygdene» vert i dag handtert som dispensasjonssaker. Dette grunna i at retningslinene ikkje er tilpassa dagens behov og lokalsamfunnet sine ynskjer om mellom anna fortetting, storleik på hytter m.m. Årdal som ein forsterka industristad for grøn industri vil og gje behov for å avklare bruk og samspel med noverande industri om bruk og utvikling av eksisterande industriareal og bygg/anlegg. Skal ein tenka framover i forhold til klima og miljø må ein laga nye reguleringsplaner i kommunen.

Det er no tilsett 2 planleggarar og vi er i gang med arealdel av kommuneplan. I tillegg har det våre ei omorganisering på teknisk avdeling, samt at vi ikkje har avtale om felles stilling med Lærdal og Aurland men har no ein eigen klima og miljørådgivar som skal jobba med dette framover.

VA

Det vil i 2024 være fokus på å gjennom føra planlagde tiltak i hovudplan for vatn, og kommunedelplan avløp og overvatn. Vi avventar framleis kva det nye avløpsdirektivet vil ha og seia for Årdal kommune reinsing av avløpsvatn. Renovasjon og slam vert frå 2024 utført av SIMAS på vegne av Årdal kommune.

Utedrift

Målet for 2024 er å ha ei tettare oppfølging av drift og vedlikehald med stikkprøvekontroll og dokumentasjon, dette for å stetta dei krav som ligg til arbeidsoppgåvene som blir utført.

Det er fleire viktige arbeidsoppgåver som er planlagt i 2024, asfaltering (asfaltplan), Ofredalsvegen (oppgrusing), skogrydding bak rasvollar, trafikktrygging (Vesvegen) i tillegg ha god rutinar når det blir meldt uvær.

Kultur

Kultursektoren i Årdal leverer gode tenester etter dei ressursane som er til rådvelde. Spesielt innan feltet barn og unge har bruken av tenestene eksplodert dei siste åra. Ungdomsklubbane har fått sin renessanse og er vorte ein populær møtestad både i Øvre Årdal og på Årdalstangen.

Budsjettsituasjonen gjer at kommunedirektøren ikkje finn midlar i investeringsbudsjettet til nærmiljøanlegg i Utladalen ut frå gjeldande kostnadskalkyle.

10.3 Kostra-analyse

Tabell 21 - Utvalde kostra-tal for kultur, miljø og samfunn

Kultur, miljø og samfunn	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostra- gruppe 02
Prioritet				
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner	1 655	695	1 391	1 332
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 935	3 373	2 878	3 014
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	0,4 %	0,6 %	0,7 %	0,8 %
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B)	1 064	1 378	739	779
Netto driftsutgifter til kommunale kulturygg per innbygger (B)	644	650	353	459
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	4 649	4 959	2 941	4 161
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B)	-32	10	190	125
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)	248	226	305	418
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B)	944	1 020	307	226
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	1,1 %	1,2 %	1,0 %	1,1 %
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)	13 787	12 856	24 338	22 069
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,4 %	3,2 %	4,3 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	43,8 %	45,1 %	13,3 %	21,7 %
Døpte i prosent av antall fødte (B)	87,8 %	100,0 %	60,3 %	76,4 %
Konfirmerte i prosent av 15-åringar (B)	71,4 %	78,3 %	52,9 %	70,4 %
Medlem og tilhørende i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	84,2 %	83,3 %	66,8 %	77,4 %

11 Administrasjon og politikk

11.1 Driftsbudsjet

Tabell 22 – Tenesteområde Administrasjon og politikk - Driftsutgifter og driftsinntekter fordelt på hovedart (tal i 1000 kr)

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan			
			2024	2025	2026	2027
Driftsutgifter						
Lønn	564	39 482	28 354	28 354	28 354	28 354
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon ⁵	17 401	19 924	15 784	14 237	13 155	12 439
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	6 715	7 541	4 799	4 799	4 799	4 799
Overføringsutgifter	17 708	12 630	14 698	13 698	13 698	13 698
Finansutgifter	90 637	99 078	79 306	93 974	103 626	110 631
Sum Driftsutgifter	133 025	178 655	142 942	155 062	163 632	169 921
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-6 558	-10 924	-10 087	-10 087	-10 087	-10 087
Refusjoner	-19 534	-20 090	-20 021	-20 021	-20 021	-20 021
Overføringsinntekter	-456 488	-473 529	-520 481	-524 303	-524 305	-524 310
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-61 811	-53 304	-54 587	-49 432	-48 582	-48 582
Sum Driftsinntekter	-544 390	-557 847	-605 176	-603 844	-602 996	-603 001
Sum	-411 365	-379 192	-462 235	-448 782	-439 364	-433 080

11.2 Skildring av verksemda i dag

Området Administrasjon og politikk har tidligare innehadde tenestområder som Årdal Tenk Tryggleik, Plan-, deling- og seksjonssaker, kart og oppmåling og brannvern. Desse tenestområda er flytta til Tekniske tenester under Kultur, miljø og samfunn. Området Administrasjon og politikk inneheld no tenestområda

- Folkevalde
- Administrativ leiring
- Personalstab og fellesutgifter
- Økonomistab
- Støttestab

11.3 Kostra-analyse

Tabell 23 - Utvalde kostra-tal for administrasjon og politikk

Administrasjon og politikk	Årdal 2021	Årdal 2022	Landet uten Oslo	Kostra- gruppe 02
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) **)	776	769	410	734
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) **)	293	286	140	226
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) **)	5 621	6 845	4 562	5 147
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	121 805	124 910	101 461	119 881
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-0,4 %	-1,2 %	2,2 %	2,3 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	122 260	126 340	99 261	117 135
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	4,0 %	7,2 %	14,5 %	13,5 %
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	4,0 %	7,1 %	14,5 %	13,5 %

⁵ Alle reduserte kostnader i planperioden, jamfør pkt. **Error! Reference source not found.**, er lagt inn på denne posten i driftsbudsjettet

Budsjett 2024 / Økonomiplan for 2024-2027

Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	79 108	82 191	69 973	73 823
Økonomi				
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	66 386	67 542	66 224	66 843
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	79 744	81 048	94 244	115 486
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	65,5 %	64,9 %	92,9 %	96,3 %